



# Referat frå møtet i Samarbeidsutvalet på Vats skule

**Dato: 18/9-18**

**Til stades:** Venke Lothe (lærer/driftsgruppa), Bjarte Vårvik (lærer/driftsgruppa), Perly Sandvik (leiar FAU), Randi Lea-Kolltveit (sekretær FAU, Emilia Aaserød (skrivar elevråd), Grethe Halvorsen (rektor)

Anne Brith Grønnestad (andre tilsette), Nina Ramsfjell (kommunal repr.) og Marius Gjellestad (leiar elevråd) var ikkje til stades.

## **Saker:**

Me hadde ein kort presentasjonsrunde. Rektor informerte om kva som er samarbeidsutvalet si oppgåve.

Så konstituerte me oss:

Leiar: Perly Sandvik

Nestleiar: Bjarte Vårvik

Sekretær: Grethe Halvorsen

**\*Saker frå FAU:** Det var ingen saker frå FAU.

**\*Saker frå Elevrådet:** Ingen saker denne gongen.

## **\*Saker frå personalet/rektor:**

Ny trafikksikringsplan. Me diskuterte og noterte farlege strekningar og punkter på skulevegen. Rektor tek innspela med seg til fellesmøtet i Skjold 03.10.

Me gjekk gjennom handlingsplanane våre: «Handlingsplan mot uakseptabel åtferd» og «Handlingsplan ved ulukker og kriser». Desse blir reviderte kvart år.

Rektor fortalte kor langt me har komme i framdriftsplanen for avvika etter tilsynet som me hadde i haust. Dei aller fleste avvika er lukka. Det er dei «store» sakene som står igjen, t.d. utbetring av asfalt på heile skuleområdet, og ytterdørene. Dette står på kommunen si vedlikehaldsliste. Forhåpentlegvis blir det ordna neste år.

**\*Eventuelt:** Ingen saker

Skrivar Grethe Halvorsen